

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim

TAKK FOR GÅVA



Soknerådet vil takka for gåva du har gitt til Austrheimkyrkja. Til saman er det 16 gjevarar, og det kom inn 83250 kr i 2017.

I kombinasjon med trusopplæringsmidlar og samarbeid med Fedje, så håpar me å kunne lyse ut ei stilling som kyrkjelydsprest i løpet av 2018. **Di gåve er med og realiserer det!** Me treng framleis fleire gjevarar, så oppmod gjerne fleire til å bli med.

NR. 1 - 2018 - 47 ÅRGANG - NYTT STOFF INNAN 6. FEBRUAR. 2018



KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90

E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale
Kyrkjevevje:

Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad	93 44 29 19
Kyrkjevevje Leif Arne Økland	40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn

Redaksjonen

Utgjevar:	Austrheim sokneråd
Redaktør:	Svein T Villanger,
Redaksjon:	Jorunn Kårdal.
Bankgiro:	3490.07.04196
E-post:	kyrkjeba@online.no
Adresse:	5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Søndag 28.januar kl. 19.00

Gudsteneste ved Per Børge Hillestad

Dramainnslag.

Søndag 11.februar kl. 11.00

Lys Vaken gudsteneste med bibelutdeling

6.klasse skal overnatte i kyrkja,
og 5.klasse får utdelt bibel

Søndag 25.februar kl. 11.00

Gudsteneste ved Per Børge Hillestad

LYS VAKEN



Takk og Glede

Ved starten av eit nytt år er det naturleg å takka. Takk til alle som har stått på i dei mange samanhengane i kyrkjelyden vår og i kommunen vår. Kyrkjelyden er rikt velsigna med mange som står på i bøn og arbeid for Guds rike si skuld. Nokre av oss er meir synlege enn andre og er heldige og får ein takk i ny og ne. Andre er meir usynlege i det dei gjer og får dermed sjeldan eller aldri ein takk. Ein særleg takk til dykk! Det usynlege er alltid minst like viktig som det som skin så alle kan sjå det.

Denne tida gir også grunn til glede. Alle vil me få nye moglegheiter til å tene Herren Jesus i dette nye året 2018. Då handlar det igjen både om det som skjer synleg og det som også i fortsetjinga vil skje i det meir skjulte. Jesus sjølv vil leggje gjerningar ferdige for oss. Nokre av desse vil me få sjå at me fekk gå inn i, mens andre vil me ikkje forstå at me har vore i. Slik er det bare, og slik lever me som Guds born når me veit at Han går med oss. Også i dette nye året er det viktig at me ber vår enkle bøn: Takk for at eg får tilhøyre deg, Jesus. Lat meg få oppleve gleda det er at du leier meg denne dagen ved din Heilage Ande.

Det har vore ein del merksemd rundt det faktum at gudstenestedeltakinga aukar i Austrheim. Dette er noko som skaper både takksemd og glede. Men samstundes er dette bare relative tal. Svært mange rundt oss ser me sjeldan og aldri i gudstenestene og det kristne

felles-skapet. Må Gud gje oss frimod til å møte våre grannar på ein slik måte at dei ser vår takksemd og glede i Kristus. Då kan dei oppdage evangeliet gjennom oss og våre liv. Det vil alltid vere nokon som manglar i vår kyrkjelyd og vårt fellesskap. Til desse vil det alltid vere plass i det kristne fellesskapet, i Guds rike, og vi skal stolt invitere til Jesus. Det er vår gode oppgåve og teneste også i 2018.

Guds signing over kyrkjelyden vår og over den tenesta kvar og ein av dykk gjer.

Og han som verkar i oss med si kraft og kan gjera så mykje meir enn alt det vi bed om og skjønar, han skal ha ære i kyrkjelyden og i Kristus Jesus gjennom alle ætter og i alle æver! Amen! (Ef 4,20)

Per Børge Hillestad
Sokneprest





Kyrkjebøkene i Austrheim

Gravlagde

22.12.17
Øyvind Andreas Øksnes

28.12.17
Helga Bergitta Bergsvik



Utgjevingsplan Kyrkjebakken 2018

	LEVERINGSFRIST	KB KJEM UT
Nr. 02/18	06. februar	22. februar
Nr. 03/18	06. mars	22. mars
Nr. 04/18	10. april	26. april
Nr. 05/18	15. mai	31. mai

Tusen takk

Stor takk til alle dykk som i førjulstida, jula 2017, og elles i året gledde oss med vitjingar, underhaldning, blomhelsingar og gåver. Vi set stor pris på slik omsorg og omtanke.

Spesiell takk til :

- Per Børge Hillestad og Jostein Hauge som kjem anna kvar tysdag og held andakt/syng for oss.
- Sanitetsforeninga og Diakoninemda som arrangerer ulike tilstelningar for bebuarane.
- «Landbruksdagen» som tek godt imot oss kvart år.
- Jan Foss og Asbjørg Steinor for musikk og song.
- Rolf Eriksen med fleire som kjem jevnleg og har andakt og sang.
- Alle frivillige som stiller opp gjennom heile året.

Helsing bebuarar og tilsette ved Nordliheimen

Tusen Takk

For ei tid tilbake spurde me om nokon hadde tid og lyst å strikka / sy dokkelede til barnehagen. Og det var det. Kledda er flittig brukt, er av og på mange gonger kvar dag.

Tusen takk til flittige hender.



ÅRÅS BEDEHUS

Tirsdag 23. jan	kl 19:00,	Bibeltime v/ Helge Keilegavlen.
Søndag 4. feb	kl 11:00,	Formiddagsmøte, Asle Hetlebakke talar.
Tirsdag 6. feb	kl 19:00,	Bønnekveld
Søndag 18. feb	kl 11:00,	Formiddagsmøte, Reidun Skurtveit talar.
Tirsdag 20. feb	kl 19:00,	Bønnekveld
Tirsdag 6. mars	kl 19:00,	Bibeltime v/Helge Keilegavlen
Mandag 12. mars	kl 19:00,	Årsmøte
Fredag 16. mars	kl 17:30	Basar

Velkommen til samlingane! www.austrheimindremisjon.no

VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?
Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtaler
via telefon og internett, likevel er det ein av
tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på kirkens-sos.no



Å snakke med folk om livet gir mening.

Min salme

Heimen min i dei første leveåra var ein heim med fleire generasjoner som arbeidde og delte maten saman. Det var mange rundt bordet til kvart måltid; besteforeldre, foreldre, 3 born og 1 fetter som vokste opp her fordi mor hans døydde på barselseng. Her var også ei taus til forefallande arbeid i hus og i floern. Ein dreng var her ofte også som arbeidde på sjøen og ute på garden.

Måltid var det til faste tider; frokost i otta, middag kl tolv, nons kl fire og kvelds kl åtte.

Kva maten på bordet bestod av skal eg ikkje koma inn på !

Det eg vil minnast er det å lesa for maten!

Når alle hadde tatt sine plassar rundt bordet, folda alle hendene andektig i fred og ro.

Eg som eldste barnet måtte alltid lesa høgt «I Jesu navn» og tilslutt «Velsign oss Gud Fader» og då vart maten servert !

Dette minnast eg som ein fin og god sjudd, og som gav fellesskap og fred rundt bordet.

No skal det gå så fort; ikkje har familien tid til å eta saman, endå mindre tid til å lesa for maten!

Eg kunne ynskja at me kunne halda litt meir på den gamle, gode sjudden og hatt meir tid til fellesskap med familien ved måltidene!

Bordverset me brukte var:

**I Jesu navn går vi til bords,
Og spise, drikke på ditt ord.
Deg Gud til ære oss til gagn
Så får vi mat i Jesu navn.**

**Velsign oss Gud Fader
Velsign oss Guds son
Velsign oss Gud den hellige ånd.**

Amen.

Else Utkilen





LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

Søndag 21. januar kl 11:00 **Møte:** Geir Talberg *Søndagsskole*

Søndag 4. februar kl 11:00 **Møte:** Geir Talberg *Nattverd*

Lørdag 10. februar kl 09:00 - 12:00 **Bønn og faste**

Søndag 18. februar kl 11:00 **Møte:** Geir Talberg *Søndagsskole*

SØNDAGSSKOLE på Lervåg bedehus

21.januar 18.februar 18.mars 15.april 13.mai

Søndagsskolen er kl 11:00 parallelt med møtene
Opplegget vi bruker heter **HELT KONGE**

Barn under 5 år må ha følge av en voksen ☺



TIRILTUNGE
BARNE- OG
UNGDOMSKOR

Austrheim kyrkje

søndag

4. februar

kl.19:30

Forsongargruppa deltek.

Det vert servert kaffi, te og noko å bita i.

Kollekt.

Alle er hjarteleg velkomne.

Neste gla`song palmesøndag 25.mars

Arrangør: Austrheim sokneråd, ved Syng deg glad komiteen



Loppemarked

Sted: Austrheim Samfunnshus

Tar imot duker/gardiner,
ikke klær.

**LØRDAG 10. februar
KL 11.30 - 14.30**

For event spørsmål ring
56169382/91807436.

Lopper og kafe – kun kontanter

Innlevering: fredag 09. februar
kl 17 – 19



ARRANGØR: EIERLAGENE AV SAMFUNNSHUSET.

Nybegynnerkurs i Seniordans



Seniordansen i Austrheim starter nybegynnerkurs

TORS DAG, 1. FEBRUAR KL. 17.00 PÅ SENIORSENTERET.

Kom og prøv om dette er noe for deg. Seniordans er
god trim og veldig sosialt.
Kurset er gratis og går over 4 torsdager.

For påmelding eller spørsmål,
ta kontakt med Sigrunn på telefon 95796908

Biblioteket

Opningstid

HOVUDBIBLIOTEKET

Måndag og onsdag kl. 14.00 – 19.00

Tysdag og fredag kl. 10.00 – 15.00

Epost: bibliotek@austrheim.kommune.no

Tlf.nr 56162007

FONNES FILIAL

Torsdag:

Skulebibliotek frå 11:30

Biblioteket er ope til klokka 16:30

Epost: fones.bibliotek@austrheim.kommune.no

Tlf.nr 56162161

Språkkafé i Austrheimstova/biblioteket

Dette er eit tilbod for alle, men spesielt for deg som har lyst til
å øva deg på å snakka norsk.

Fint om fleire med norsk som morsmål vil vera med på språkkaféen.

Måndag 15. januar kl 17:30 - 19:00

Måndag 22. januar kl 17:30 - 19:00



Strikk & Lytt på biblioteket

Onsdag 31. januar kl. 19:00.

Velkommen til ein uformell kveld med spøting, høgtlesing og drøp.
Har du ikkje strikkesetøy? Kom likevel!



Følg Nordhordlandsbiblioteka på facebook for vidare annonsering.



MASTREVIK TORG - EIN TRIVLEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvare • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

Vi er sannsynligvis en av universets største uavhengige bilverkstedkjeder...

Rune Austrheim
Fosnøy Bilsenter AS
Telefon: 56 16 75 50

...Så vidt vi vet. All kunnskap og erfaring er samlet i vårt verksted. www.fosbilsenter.no

For everything your car needs.

DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



MINI FRISØRSALONG

ønsker velkommen
til gamle og nye kunder.
Vi treffes på Årshøgda 19.



Timebestilling: mandag - fredag
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

**Tannlege
Otto Førde
i Mongstadkrysset**



*Jeg tar imot nye pasienter
og yter akutt hjelp.*

Telefon vakt 56 16 98 35



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

Vatne Begrave sesøyra

Vi kan hjelpe til
med rådgivning og
tilrettelegging ved
begravelser og
bisettelser.

Ring døgnvakt
56 35 09 10
www.vatne.byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø



Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

BASSENGET PÅ KALAND:

Vi er ikkje heilt i mål med renoveringa på Kaland skule, men kan glede oss til oppussa garderober.

Symjehallen er også delvis renovert. Dersom arbeidet går som planlagt, kjem vi til å opne bassenget i midten av oktober.

Austheim kommune

Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887

ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

1/1 side + bakside	kr. 1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-
Korte takkeannonser er gratis.	

LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgret.
Legevakt 116117

Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

Kl. 08.30 - 15.00.

**Telefontid: 08.30 - 12.00 og
13.00 - 15.00.**

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

Årås helsestasjon

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Dei tre vise menn

Tradisjonen tru så har dei tre vise menn vore på besøk i barnehagane. Dette er eit adventspel med illustrasjonar, skodespel og mange kjente songar. Mia Kruger Etokebe og

Jostein Hauge var vise menn. I Kaland barnehage var det Laila Larsen som var den tredje vise mann, og i Kystbarnehagen var det Britt Ystebø.

Takk for ei kjekk stund i lag!





Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dap • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no



KILSTRAUMEN
BRYGGE

Vi kan tilby overnatting i rorbuer,
hytter, leiligheter og rom på
vertshuset. Restaurantene våre,
Salongen og Naustet er godt eigna for
søndagsmiddag, familiesamankomster,
konfirmasjon, bryllaup og andre store
begivenheter som skal feirast.

Utleige av båtar og sykklar
Vi tilbyr også catering og overtidsmat.

Kilstraumen Brygge
post@opplevaustrheim.no
Mob. 948 53 975

For bestilling: mob. 94853975Sjekk og heimesida www.kilstraumen.com
og føl oss gjerne på Facebook.

Himlens kongesønn



Stjernen lyste over himlen
Ledet vei til barnet,
Himlens kongesønn
Uten slott og fylte bord
Kom den største skatten til vår jord
Englesangen fylte natten
Det er født en Frelser
Himlens kongesønn
Gjeterne og vise menn
De ble ledet frem til Betlehem

Jesusbarnet kom til jorden
Kom med håp til alle
Himlens kongesønn
Første jul i Betlehem
Da steg verdens håp og frelser frem
Der hvor jord og himmel møtes
I en liten stall kom
Himlens kongesønn
I en krybbe, lagt på strå
For å vise veien vi skal gå

Stjernen lyste julenatten
Lyste for å vise,
Himlens kongesønn
Barnet som gir håp og fred
Han kan også bli vårt tilfluktsted
Stjernen lyser vei for alle
Slik at vi kan møte
Himlens kongesønn
Jesus gjorde det for deg
Krybben og til korset var hans vei

Jostein Hauge

Kjenner du eit barn som vil vere med på ei spennande oppleving i kyrkja?

10. - 11.02 vert det arrangert Lys Vaken i Austrheimkyrkja – årets happening for alle 6.klassingane! Her vert me betre kjent med kyrkja og med Jesus. Det vert mange forskjellige aktivitetar, god mat og mykje moro.

Alle som går i 6.klasse er invitert, om ein er medlem av kyrkja eller ikkje. Du treng ikkje ha fått invitasjon i posten for å kunne melde deg på.

**Meld deg på:
kyrkja.no/austrheim/lysvaken**

LYS VAKEN

Men så såg eg Jesus i ein draum

Då Hamma var ung ønskja faren at han skulle studera Koranen. Hamma vart sendt bort, til ein Koranlærer, der han var i sju år. I byrjinga var det tøft for ein liten gut. Han måtte tigga, dyrka jorda og jobba for læraren sin. Dersom han var u lydlig vart han slått. Men etter kvart fekk han eit nærare forhold til koranlæraren sin. Hamma lærte å søkja Gud, han lærte om Muhammed sin veg til Gud, og han vart ein from mann. Etter 7 år hadde Hamma vore gjennom heile Koranen på arabisk, og han reiste heim att til faren sin. Då faren døyde, vart Hamma i ung alder leiar i familien sin. I landsbyen har han ord på seg for å vera lærd. Av og til leier han bøna i moskeen.

For eit par år sidan fortalte ein motorsykkelmekanikar Hamma at ein mann hadde byrja å undervisa fulani ikkje langt frå der han bur. Han vart med på undervisninga, og oppdaga at det var undervisning over Moses sine bøker og Jesus sitt evangelium. Hamma møtte trufast opp, utan at han stolte heilt på det mannen fortalte. «Men så såg eg

Jesus i ein draum. Han kom frå skyene og nærare og nærare, heilt ned til meg i landsbyen min.» Draumen gjorde noko med Hamma sitt forhold til undervisninga. Under Ramadan i år bad han intenst både sine muslimske bøner og kristne tidebøner. Han brukte store deler av kvelden og natta i bøn om at Gud måtte visa han den sanne vegen. Svaret på bøna vart ikkje det Hamma ønskja: han fekk ein ny draum som viste at Jesus er vegen til Gud. «Den første dagen skalv eg innvending», seier Hamma, «eg var ikkje glad i heile tatt.»

Etter dette har Hamma nytta mykje tid på å lesa evangeliet. Han samanliknar Jesus sitt liv og Muhammed sitt liv, og har vorte overtydd om at Jesus er vegen til Gud. No før jul tok han kontakt med misjonæren sin, for å få ein månads intensiv undervisning i evangeliet. For, som han seier, «når eg skal fortelja familien min og koranlæraren min at eg trur på Jesus, kjem alle til å venda seg mot meg. Det kjem til å bli veldig vanskeleg, så det er viktig at trua mi får djupe røter.»

